

# Handlingsplan for Hordaland fylkeskommune

## Forvaltningsrevisjon om opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar

Fylkesrådmannen viser til møte i FT 13.06.17 og vedtak i sak 34/2017

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd

4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld: a)grunngeving av enkeltvedtak, b)skildring av kva det er fatta vedtak om, c)informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring
7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring
8. Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.
11. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.

Handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjon om opplæringstilbudet til minoritetsspråklege elevar vart handsama i Kontrollutvalet 29.11.2017 der utvalet gjorde følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar.
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2018
3. Kontrollutvalet ber om å få som referatsak i møte 18.12.2017 resultatet av handsaminga av sak om oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar i fylkesutvalet.

Fylkesdirektør opplæring har sett ned ei intern arbeidsgruppe som skal koordinere oppfølginga av handlingsplanen. Grappa har i oppdrag å sikre ei god koordinert oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonen.

Petter de Presno Borthen , rådgjevar minoritetsspråklege  
Linda Farestveit, seksjonsleiar skule  
Hillevi E. Runshaug, regionleiar  
Birthe A. Haugen, seksjonsleiar fellestenester  
Annbjørg Laupsa,fungerande seksjonsleiar OT/PPT  
Nils Skavhellen, leiar inntak  
Marit Virkesdal, rådgjevar økonomi  
Kristine Langøy, jurist

**Forvaltningsrevisjon om opplæringstilbod til minoritetsspråklege. Status pr. 01.0818 er merka med raudt.**

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg/Status Pr.01.08.18
<p>1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig-studiespesialisering og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikre at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.</p>	<p>Jamfør § 8-2 og rettleiinga til denne. Sjå merknad til pkt.1 under tabellen</p> <p>Fylkesdirektør opplæring har gått igjennom tilbodet til minoritetsspråklege elevar i tråd med tilrådingane i forvaltningsrapporten.</p> <p>Det er i den samanheng gjennomført møter med skulane som har hatt dei nemnde tilboda ved Bergen katedralskole, Fyllingsdalen videregående skole og Åsane videregående skole.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge fram sak for fylkesutvalet med forslag om at det 3-årige tilbodet for minoritetsspråklege elevar ved Bergen katedralskole vert fasa ut. Frå hausten 2018 må elevar søkje seg inn i ordinære klassar. Elevar som starta i det 3-årige løpet i 2016 og i 2017, vil kunne fullføre utdanninga i vg2 og vg3 ved Bergen katedralskole.</li> <li>• Med frist 1.juni 2018 skal fylkesdirektør opplæring vurdere grunnlag for å opprette eit nytt studieretta vg1-tilbod for elevar med vedtak om særskilt språkopplæring. Elevar som søker inntak 1.februar 2019 kan då etter kartlegging og enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12, få tilbod om inntil 2 år i vg1 før dei søker plass i ordinære klassar i vg2.</li> </ul>	<p>Fylkesdirektør opplæring, v/ regionleiarar og seksjonsleiarar</p> <p><b>Gjennomført</b></p> <p><b>Status 01.08.18</b>  <b>Det er oppretta eit nytt studieretta vg1 tilbod for elevar med rett til særskilt språkopplæring. Skuleåret 2018-19 er tilbodet lagt til Bergen Katedralskole og Fyllingsdalen vgs.</b>  <b>Elevane er teke inn etter kartlegging våren 2018 og enkeltvedtak om særskilt språkopplæring i forkant av inntak. Etter fullført vg1 skal elevane over i ordinære klassar på vg2 og vg3 med tilpassa opplæring innanfor rammene i opplæringslova. (280 timars</b></p>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå hausten 2018 skal det ikkje takast inn nye elevar til Vg1 Helse og oppvekst ved Fyllingsdalen vidaregåande skole (2 klassar) og Åsane vidaregåande skole (1 klasse) for minoritetsspråklege elevar. Minoritetsspråklige elevar må søkje til ordinære klassar.</li> <li>• Med frist 1. juni 2018 skal det vurderast om fylket skal etablere eit yrkesretta vg1-tilbod for elevar med vedtak om særskilt språkopplæring. I eit nytt tilbod vil elevar som søker inntak 1.februar 2019 etter kartlegging og enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12, få tilbod om inntil 2 år i vg1 før dei søker plass i ordinære klassar i vg2. Tilbodet kan prøvast ut i fleire yrkesretta tilbod.</li> <li>• Frå skuleåret 2018/19 vil elevar i innføringstilbod få elevstatus og elevane nyttar av retten til opplæring (sjå pkt.8)</li> <li>• Dei vedtekne endringane skal inn i Inntaksforskrifta for skuleåret 2018/19.</li> </ul>	<p>regelen)</p> <p>Gjennomført</p> <p>Status 01.08.18:</p> <p>Det er oppretta tilbod om Vg1 innanfor HO ved Åsane vgs. og Fyllingsdalen vgs. Opplæringsavdelinga har planlagt og gjennomført kartlegginga og fatta enkeltvedtak om særskilt språkopplæring.</p> <p>Status 01.08.18: Gjennomført</p> <p>Status 01.08.18: Vurdering gjennomført – ikkje behov for å omtale dette særskilt i lokal inntaksforskrift. Årsaka er at rettighetene til dei minoritetsspråklege er grundig</p>
--	--	---	--

		<ul style="list-style-type: none"> <li>Med frist 1. juni skal skuleeigar kartleggje alle søkjarar til innføringsklassane og skrive enkeltvedtak etter § 3-12 før inntaket vert fastsett.</li> </ul>	<p>omtala i oppl.lov med forskrifter.</p> <p>Status 01.08.18 Det har ikkje vore praktisk mogleg å gjennomføre kartlegging for denne gruppa før skulestart. Opplæringsavdelinga vil ta ansvar for at alle elevane blir kartlagt ved skulestart og at det blir fatta enkeltvedtak på bakgrunn av kartlegginga. Viss det er teke inn elevar som ikkje har behov for særskilt språkopplæring vil desse elevane få tilbod om ordinær vidaregåande opplæring.</p>
<p>2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.</p>	<p>I Kvalitetsportalen finn skulane prosedyre for arbeidet med særskild språkopplæring samt alle dokument som skal nyttast. Sjå merknad til pkt.10 under.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Informasjon om § 3-12 skal årleg inngå i program for skuleleiingane på ulike samlingar som til dømes årleg kurs i juss for skulane og ressurstteamsamling.</li> </ul>	<p>Status 01.08.18 Skuleåret 2018-19 vil fylkesdirektør opplæring sende melding før skulestart til alle rektorane med ei samla oversikt over tilgjengelege retningslinjer og ressursar i kvalitetsportalen og understreke korleis det er forventa at skulane følgjer opp krav til kartlegging, enkeltvedtak og tilrettelegging av læringsfremjande tilbod om særskilt språkopplæring. Dette for å sikre at reglar og retningslinjer blir følgt opp frå skulestart.</p>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføre tilsyn i 3 skular i tråd med prosedyren –</li> <li>• I samband med tilsyn om § 3-12 ved 3 skular (jf. tiltak i pkt.2), skal skuleeigar sjå enkeltvedtaka skulen har fatta.</li> </ul>	<p>Status pr.01.08.18 Ikkje gjennomført, På grunnlag av stikkprøvekontroll i oktober vil fylkesdirektør opplæring avgjere om det er behov for å gjennomføre tilsyn</p>
<p>3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.</p>	<p>Sidan § 3-12 om særskild språkopplæring vart innført i 2008, har fylka etterlyst eigna kartleggingsverktøy som grunnlag for å fatte enkeltvedtak. Våren 2017 vart det difor starta eit arbeid i samarbeid med Høgskolen på Vestlandet/Kompetanse Norge og 3 skular, for å få oversikt over ulike kartleggingsverktøy og praksis på skulane, og utvikle nye verktøy i samarbeid med pedagogisk tilesette og UH sektoren. <b>Sjå vedlegg 1 for nærmare beskriving av arbeidet.</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøve ut nytt kartleggingsverktøy ved 3 skular gjennom skuleåret 2017/18. Verktøyet skal vere klar til bruk vere i bruk ved alle skular til skulestart 2018.</li> <li>• Lærarane skal få opplæring i bruk av verktøyet.</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar skule</p> <p><b>Gjennomført</b> <b>Sjå utdjupande merknad</b></p> <p><b>Planlagt gjennomført 2018-19</b> <b>Frikjøp av lærarar til å drive opplæring og rettleiing</b> <b>Sjå utdjupande merknad</b></p>

<p>4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.</p>	<p>Våren 2017 vart det utarbeidd eit nytt skjema som skulane skal nytte for å sikre at skulane vurderer om elevane også har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nytt skjema for enkeltvedtak ble tatt i bruk for skuleåret 2017/18</li> <li>• Innan 1.februar 2018 skal skuleeigar starte eit utviklingsprosjekt og søkje samarbeidspartnarar for å etablere digitale løysingar for to-språkleg støtte for elevar med denne retten etter § 3-12.</li> </ul>	<p>Leiar seksjon skule/Regionleiarane</p> <p>Status 01.08.18 Ikkje gjennomført Fylkesdirektør opplæring vil gi dette tiltaket prioritet i 2018-19 og sette av ressursar til eit utviklingsprosjekt i ein eller fleire bydelar med utgangspunkt i vidaregåande skular som har mange minoritetsspråklege elevar.</p>
<p>5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.</p>	<p>Sjå merknad til pkt.4. under med kopi av nytt skjema for enkeltvedtak.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Krav om individuell kartlegging skal leggst til grunn for alle enkeltvedtak</li> <li>• Styrke kvaliteten på kartleggingsverktøy</li> </ul>	<p>Regionleiarane og seksjonsleiar skule</p> <p>Status pr.01.08.18 Oppfølginga må sjåast i samanheng med fleire andre punkt mellom anna punkt 2. «Skuleåret 2018-19 vil fylkesdirektør opplæring sende melding før skulestart til alle rektorane med ei samla oversikt over tilgjengelege retningslinjer og ressursar i kvalitetsportalen og understreke korleis det er forventa at skulane følgjer opp krav til kartlegging, enkeltvedtak og tilrettelegging av læringsfremjande tilbod om særskilt språkopplæring. Dette for å sikre at reglar og</p>



			retningslinjer blir følgt opp frå skulestart.»
<p>6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:</p> <p>a) grunngjeving av enkeltvedtak</p> <p>b) skildring av kva det er fatta vedtak om</p> <p>c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka</p> <p>d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring</p>	<p>Det er gjort ein omfattande jobb med å revidere/fornye retningslinjer og malar i tråd med krav i lovverket.</p> <p>Nye retningslinjer og malar er gjort kjent for skuleleiarar. Hovudoppgåva vidare er å sikre forankring og kompetanse i heile organisasjonen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre at malar, skriv og prosedyrar oppfyller krav i opplæringslova og sikre at dei er kjent gjennom informasjon til skuleleiarane.</li> <li>Sjå til at enkeltvedtak blir fatta så raskt som mogleg. Frist for rapportering av enkeltvedtak og elevlistar til administrasjon skal frå hausten 2018 vere 1.10. for hausterminen og 1.2. for vårterminen.</li> <li>Fylkesrådmannen skal legge til rette for tilbod om årlege kurs om regelverksoppfølging på feltet i samarbeid med fylkesmannen i Hordaland.</li> </ul>	<p>Regionleiarane og leiar seksjon skule</p> <p>Status 01.08.2018: Gjennomført</p> <p>Oppfølging av heile punkt 6 skal sjåast i samanheng med punkt 2 og 5. fylkesdirektør opplæring vil sende ei samla påminning til skulane i august som ei påminning til skuleleiarane om dei krava som er lagt til skulen og kor dei kan finne ressursane.</p> <p>I tillegg vil skulane få tilbod om å ta i bruk nytt kartleggingsmaterieill som er utvikla som ledd i oppfølginga av revisjonen.</p> <p>Status 01.08.18 Representantar frå alle skulane har vore inviterte til to regelverksamlingar i regi av fylkesmannen. Tre skular har fått særleg god skulering gjennom deltaking i prosjektet Kompetanse for Mangfald. Fylkesdirektør opplæring vil samarbeide med fylkesmannen om kurstilbod i 2018-19.</p>

<p>7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.</p>	<p>Fylkeskommunen har i fleire år arrangert samlingar for både norsklærarar og for lærarar i innføringsklassane der særskild språkopplæring og har vore tema.</p> <p>Frå 2016 har ein rådgjevar frå seksjon skule, saman med inntaksleiar, vitja alle skular med innføringstilbod (9 i 2016, 11 i 2017). Dei har møte med rektor, avdelingsleiar og lærarane i innføringsklassane der vi mellom anna diskuterer utfordringar i samband med tilbod om særskild språkopplæring. På agendaen står innsamling av innspel til tema skulane vil drøfte på samlingane for skulane i fylket, og tips om kven skulane kan kontakte for å få hjelp i saker frå skular med lengre erfaring på feltet.</p> <p>Fyllingsdalen vgs er frå skuleåret 17/18 Fokusskule for NAFO. Dei har brei erfaring i opplæring av elevar med kort butid og skal kommande skuleår bidra med erfaringsdeling til andre skular i fylket og delta på nasjonale samlingar for kompetanseheving.</p> <p>3 skular skal delta i det nasjonale prosjektet «Kompetanse for</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføre ei samling med representantar frå alle skulane i Hordaland våren 2018 om tema særskild språkopplæring.</li> <li>• Nytt kurs med 30 plassar i samarbeid med UiB i norsk som andrespråk startar med 4 heile dagar den 26. oktober 2017. Norsklærarane er sentrale i kartlegging og tilrettelegging av særskild språkopplæring.</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar skule og seksjonsleiar fellestenester</p> <p>Status 01.08.18 Ikkje gjennomført</p> <p>Det er ikkje kapasitet til å gjennomføre ei stor samling i 2018, men fylkesdirektør opplæring vil samarbeide med fylkesmannen om eit kurstilbod for tilsette og skuleleiarar.</p> <p>Status: 01.08.18 Gjennomført 2017-18</p> <p>Nytt kurs planlagt 2018-19 Del av langsiktig satsing og kurset går no på tredje året. Skuleleiarane blir oppmoda til å sikre at dei har lærarar med slik kompetanse.</p>

	mangfald» under leiing av Høgskulen på Vestlandet.		
8. Å avklare og tydeleggjere ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurdere fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.	<p>Innføringsklassane i Hordaland har vore eit tilbod der elevane ikkje nyttar av retten til opplæring heilt sidan den fyrste klassen vart oppretta rundt 1980. Dette vart gjort som motivasjon til å takke ja til eit frivillig tilbod. Tidlegare hadde alle elevar rett til 3 år skulegang, men for nokre år sidan vart dette endra for elevar med kort butid.</p> <p>Dei kan no søkje om utvida rett opp til 5 år, jf. opplæringslova § 3-1 (5).</p> <p>Elevar i Kombinasjonsklasse nyttar ikkje av retten sin. Dette er i tråd med intensjonane i lova.</p> <p>Når elevar i innføringsklassane i framtida nyttar av retten sin, vil det kunne føre til at fleire elevar vil bli tilvist til PPT for sakkyndige vurderingar og kartleggingar. Det kan gi behov for å auka personalressursar ved PPT.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå skuleåret 2018/2019 skal elevane nytte av retten sin når dei går i innføringsklasse. Elevane vil dermed ha same rettar etter opplæringslova som elevar i ordinære klassar mellom anna til spesialundervisning og rett til gratis læremidlar.</li> <li>• Vurdere konsekvensar av ein slik endring med tanke på behov for auka ressursar til PPT for å sikre tilfredsstillande kapasitet i arbeid med sakkyndige vurderingar</li> <li>• Evaluere ordninga med kombinasjonsklassar.</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar fellestenester</p> <p>Status 01.08.18 Gjennomført</p> <p>Seksjonsleiar OT/PPT Status 01.08.18 Innføringstilbodet omfattar elevar med rett til vidaregåande opplæring. Eventuelle konsekvensar skal vurderast hausten 2019 i lys av ny organisering av Vestland.</p> <p>Status 01.08.18: Ordninga med kombinasjonsklassar vart evaluert i juni 2018 av ei gruppe frå psykologisk fakultet ved UIB</p> <p>Seksjonsleiar skule</p>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge fram politisk sak med forslag til heilskapleg strategi for arbeidet med å auke gjennomføring og læringsutbytte for minoritetsspråklege med kort butid.</li> </ul> <p>FRIST: des 2018</p>	<p>Status 01.08.18          Dette er utsett på ubestemt tid. Det er eit sentralt tema i samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane, og det er venta at DPO 1.2 vil kome med ei felles tilråding om oppfølging på feltet.</p>
<p>9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer.</p>	<p>Fylkesrådmannen meiner elevane er godt informert om denne retten og at dette er ivaretatt i Hordaland. Elevane <u>søker</u> seg inn på innføringskurs. Inntakskatalogen orienterer om tilbodet og at elevane sjølve vel om dei vil ta det ekstra året for å styrkje sine norskkunnskapar i alle fellesfaga. Den aktuelle informasjonen er berre omsett til engelsk, men med tilvising til vilbli.no som har omsett informasjon på 21 språk.</p> <p>På dei årlege informasjonsmøta for søkjarar og føresette vert alle informerte om tilbodet – og at det er eleven sjølve som vel dette i staden for vg1.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Halde fram med tett dialog med rådgjevarar i kommunane i samband med inntak og i arbeidet med Utdanningsval.</li> <li>• Halde fram med informasjonsmøta med tolkar for elevar i grunnskulen og deira føresette før inntak.</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar skule</p> <p>Status 01.08.18          Planlagde tiltak slik dei er omtalt vil halde fram i 2018-19</p>

	Inntakskontoret gjennomfører regionvise møter med alle rådgjevarar i ungdomstrinnet der dette er eit sentralt tema. Informasjon om innføringskurs er og gitt i info-skriv omsett til 13 språk og sendt til alle skular.		
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide rutinar for å syte for at elevane er klar over retten til å velje målform.</li> </ul> <p>FRIST: november 2017</p>	Seksjonsleiar skule <b>Gjennomført</b>
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.			Seksjonsleiar skule <b>Status 01.08.18:</b> <b>Gjennomført</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Ny statusrapport i august 2018 til Kontrollutvalet</b></li> </ul>

**Merknad til pkt.1.**

Opplæringslova § 8-2. Organisering av elevane i grupper

*Elevane kan delast i grupper etter behov. Gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Organiseringa skal vareta elevane sitt behov for sosialt tilhør. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør.*

I rettleiinga pkt.2.1.5.for § 8-2 står følgjande:

*«Første leddet i § 8-2 avsluttes med formuleringen: Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Denne bestemmelsen er prinsipielt den samme som i den tidlige lovteksten. Det betyr at faglig nivå, kjønn eller etnisk tilhørighet til vanlig ikke skal være et kriterium for gruppedeling. I kortere tidsperioder kan likevel andre enn det nevnte prinsippet legges til grunn for gruppeinndelingen, ut fra prinsippet om tilpasset opplæring.»*

### **Merknad til pkt.10.**

Skuleeigar sitt system for oppfølging av elevar med rett til særskild språkopplæring inkluderer følgjande:

1. Skuleeigar skal hente inn elevlister frå skulane to gonger årleg (1.11. og 1.5.).
2. Rektor frå eit utval skular skal sende inn eigenvurdering saman med enkeltvedtak. Det er skoleigar som skal lage mal for eigenvurderinga. Utdrag frå eigenevaluering for oppfyljing av lovkrav (kvalitetsportalen) kan inngå i eigenvurderinga.
3. Skuleeigar skal gje skriftleg melding om tilsyn til den enkelte skule v/rektor, på bakgrunn av innsend dokumentasjon.
4. Skuleeigar skal lage plan for gjennomføring av tilsynsbesøk i dialog med skulen ved rektor.
5. Skuleeigar skal vurdere skulen sitt arbeid og setje i verk tiltak.
6. Skuleeigar skal godkjenne skulen sin plan for korrigering av avvik og vurdere oppfølgingsmøte ved behov.

Henta frå skrivet «*Prosedyre for oppfølging av skulane sin forvaltningskompetanse - elevar med rett til særskild språkopplæring*» som ligg i Kvalitetsportalen.

### **Merknad til punkt 3 og 7 pr.01.08.18**

### Punkt 3

Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd

### Punkt 7

Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring

Opplæringsavdelinga starta våren 2017 eit arbeid for å sjå nærare på gjeldande verktøy og praksis i samarbeid med nokre utvalde skular. Av dette kjem det fram at digitale verktøy som er utvikla for formålet er mangelfulle. Det same gjeld kartleggingsprøvar som skulane har utvikla på eigenhand. Det kjem også fram at skulane i avgrensa grad klarar å gjere seg nytte av resultatane frå kartleggingsarbeidet i vidare arbeid med tilpassa opplæring for elevgruppa. I tillegg til kartleggingsverktøy manglar skulane kompetanse om språkkartlegging og ein formålstenleg modell for å organisere kartlegging og oppfølging av dei minoritetsspråklege elevane.

Skuleåret 2017-18 har fylkesdirektør opplæring etablert eit prosjekt for å jobbe vidare med utfordringane saman med skulane. Eksterne fagpersonar med testfagleg kompetanse er invitert med i arbeidet. Etter modell frå Kompetanse Norge er det no bygd opp eit vurderingsverktøy for kartlegging av skriftlege og munnlege ferdigheiter som alle skulane kan nytte seg av og samarbeide om. Verktøyet er utforma som ein felles nettbasert ressurs med nivå- og alderstilpassa prøvar, inkludert eksempelsvar og vurderingskriterier. Verktøyet legg opp til at skulane tek del i å lage nye oppgåver og ressursar, og at lærarar gjennom dette aukar sin vurderingskompetanse til bruk også i eiga undervisning og oppfølging av elevane.

19 lærarar og 3 avdelingsleiarar har vore involvert i arbeidet dette skuleåret. I tillegg til å vere ein ressurs på eigen skule utgjer desse no eit lite fagfellesskap. For skuleåret 2018-2019 har opplæringsavdelinga som mål å kjøpe fri lærarressursar frå prosjektet til å drive opplæring og vidareutvikling av verktøyet i samarbeid med nye skular og lærarar. På denne måten vil vi sikre at alle skulane får tilgang til verktøyet og får opplæring i bruk av verktøyet. Dette vil og bidra til vidare kunnskapsutvikling på feltet.

Kartleggingsverktøyet blir nytta i samband med inntak til egne klassar for minoritetsspråklege elevar våren 2018. Søkarar til Vg1 Helse- og oppvekstfag og Studiespesialiserande blir kartlagt i april, medan søkarar til innføringsklassane blir kartlagt ved skulestart. I følge Kompetanse Norge sine målingar samsvarar resultatet på skriftleg prøve med resultatane på dei andre ferdigheitsområda (lytt, les og munnleg) i 95% av tilfella. På bakgrunn av dette er det vurdert at å gjennomføre skriftleg del av kartlegginga er tilstrekkeleg i samband med inntaket i denne omgang.

Forvaltningsrevisjonen påpeikar at det manglar forvaltningskompetanse og felles rutinar knytt til oppfølging av § 3-12. I det vidare arbeidet med kartleggingsverktøyet vil opplæringsavdelinga derfor leggje til rette for at lærarar og administrativt tilsette på tvers av skulane kan møtast for å diskutere aktuelle problemstillingar, dele erfaringar og diskutere seg fram til arbeidsmåtar og rutinar i samarbeid med opplæringsavdelinga.

## **Merknad til tiltak 8, evaluering av prosjekt med Kombinasjonsklasse ved Fyllingsdalen vgs**

Forsøk med Kombinasjonsklasse vart evaluert våren 2018 av Universitetet i Bergen v/psykologisk fakultet som del av studentarbeid. Evalueringsrapporten var utarbeidd på grunnlag av intervju, spørjeundersøking og observasjon og rapporten vart publisert i juni 2018. Rapporten konkluderte med følgjande:

- Kombinasjonsklassen har høgt motiverte lærarar som i stor grad støttar elevane både fagleg og sosialt
- Kombinasjonsklassen har et stort potensial for å lykkast, men det vil krevje nokre grunnleggjande strukturelle endringar i opplegget.
- Både lærarar og elevar stiller seg kritiske til at elevar med svært ulik akademisk og kulturell bakgrunn er plassert i same klasse og forventa å nå dei same måla. Dette stiller både lærarar og elevar på prøve.
- Ikkje alle elevar har utbytte av tospråkleg fagopplæring og det er grunn til å sjå nærmare på korleis ein skal identifisere elevar som har behov for slik opplæring.

Forskarane kjem med følgjande tilrådingar:

- Lærarane må involverast i vidareutviklinga av tilbodet om kombinasjonsklasse
- Nivådifferensiering bør vere styrande prinsipp for gruppeinndeling
- Kartlegginga kan skje på grunnlag av opptaksprøver
- Det er viktig å sikre eit godt koordinert støtteapparat kring elevane som kan avlaste lærarane i det sosialpedagogiske arbeidet

Konklusjonane frå studentarbeidet vil bli drøfta i styringsgruppa for samarbeidsprosjektet i samband med intern evaluering. Prøveprosjekt med kombinasjonsklasse vart formelt avslutta i juni 2018 og det vert ikkje teke opp elevar i dette tilbodet i skuleåret 2018-2019. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune vil halde fram det gode samarbeidet og på grunnlag av prosjektsamarbeidet og vurdere om det skal startast opp nye samarbeidsprosjekt på eit seinare tidspunkt.